

## **Sak 28/14 HANDLINGSPROGRAM 2015 – 2016**

Landstinget 2015 skal vedta handlingsprogram for 2015 – 2016. Teksten under er eit framlegg basert på gjeldande handlingsprogram, men justert ut frå diverse vedtak i styret som påverkar programmet. I tillegg er det teke inn innspel frå internseminara i februar og i september i år. Handlingsprogrammet tek og opp i seg føringar frå Statsbudsjettet for 2015.

### **Framlegg til vedtak:**

«Styret godkjenner Handlingsprogrammet 2015-2016 slik det ligg føre».

### **PRINSIPPROGRAM**

LNK skal leggja til rette for at medlemene kan vera aktive nynorskbrukarar og medvetne i språkspørsmål.

LNK skal arbeida for å sikra nynorsk som eit jamstilt og fullgodt bruksspråk innanfor alle delar av det offentlege.

LNK skal vera ein pådrivar i høve til sentrale styresmakter og andre samarbeidspartar kommunane har, for å få dei til å ta språkjamstillinga på alvor. LNK skal vera ein konstruktiv, positiv og framoverretta samarbeidspart.

LNK skal ta opp saker på vegner av medlemene.

### **ARBEIDSPROGRAM**

#### **1. Arbeid overfor medlemene våre.**

LNK skal...

- styrkja språkopplæringa i kommunar, fylke og stat. LNK skal gje medlemene gode i nynorsk, slik at dei kan tilby gode tenester til innbyggjarane sine
- vidareføra samarbeidsavtalen mellom LNK og Høgskulen i Sogn og Fjordane, og tilby kurset «På saklista» gratis til medlemene så langt økonomien tillet dette
- bruka tid på å presentera kursprogramma under rekrutteringsferder/medlemsbesøk
- arbeida vidare med prosjektet "LNK og Europa – arbeidsrekruttering og språkopplæring"
- arbeida for å setja språkspørsmål og språkpolitikk inn i ein vidare kulturell samanheng, mellom anna ved å syna samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling. Arbeidet kan mellom anna skje gjennom temaval på

konferansar og systematisk bruk av nettressursar (nyhendebrev, LNK.no, Framtida.no, Startsida.no, Magasinett.no og Pirion.no).

- arbeida for at medlemene får meir kunnskap om omdømmebygging – og satsar på å trekka inn språk som ein naturleg del av omdømmebygginga
- arbeida for å betra kompetansen kring informasjonsarbeid i kommunane
- ta opp att arbeidet for meir medvitne haldninga til språk og kultur i barnehagane gjennom prosjektet «Bibliotek i barnehagen», i samarbeid med Nynorsksenteret, Samlaget og Pirion
- Synleggjera nynorsk som bruksspråk innanfor alle sektorar – arbeid med å synleggjera nynorsk på nett for barn og unge skal framleis prioriterast
- Vidareutvikla samarbeidet med ABC Startsiden omkring Framtida.no og Startsida.no
- vidareutvikla samarbeidet med relevante programvareprodusentar
- arbeida for å vidareutvikla Pirion:
- tidsskriftet Pirion - opplag 58 000 distribuert gjennom Fagbladet
- nettstaden [pirion.no](http://pirion.no) (alle tidlegare utgåver gratis tilgjengelege)
- arrangera Pirion-kurs for tilsette i barnehagar, SFO og småskule
- utvikla og driva nettstaden Magasinett.no vidare
- presentera Magasinett og Framtida som viktige tilbod til elevar og lærarar i ungdomsskulen og i vidaregåande skule
- arbeida for å integrera Framtida og Magasinett endå betre
- arbeida for at kommunane vedtek målbruksplanar og integrerer desse i kommunale planverk
- laga ein ny mal for målbruksplan som også tek opp språk i barnehagane
- arbeida for utviding av verkeområdet for mållova, jf. nye organisasjons- og selskapsformer som vert tekne i bruk i offentleg sektor, og på bakgrunn av føringar i språkmeldinga ”Mål og meining”

## **2. Arbeid mot sentrale styremakter og andre samarbeidspartar i kommunesektoren**

- arbeida for at rammeoverføringane til kommunane og føringane for desse, ikkje gjer språk og språkspørsmål til salderingspostar i ein stram kommuneøkonomi
- arbeida for at kommunane ikkje skal ha meirkostnader av di dei har valt nynorsk som administrasjonsspråk eller av di dei har språkleg delte parallelklassar/grupper i grunnskulen
- samarbeida vidare med Språkrådet om kartlegging av haldningar til språk i kommunane
- arbeida for at staten, ut frå demokratiomsyn, fører vidare satsinga på ein ”klårt språk”-politikk
- styrkja samarbeidet med dei kommunale organisasjonane – både på arbeidsgivar- og arbeidstakarsida
- arrangera fagsamlingar og fellestilskipingar for medlemene og andre (kommune–organisasjonar, styresmaktene osv) om aktuelle tema for å spreia informasjon og å skapa positive haldningar
- synleggjera nynorsk marknadsmakt. LNK representerer ein halv million menneske som bur i nynorskkommunane, og om lag 100 000 tilsette i offentleg sektor
- arbeida for å setja språkspørsmål på dagsordenen i nye samanhengar
- arbeida for at fleire statlege etatar vert flytta til nynorskkommunar
- arbeida for gode forsøk med språkdelte lærebøker i vidaregåande skule
- arbeida for å styrkja norskfaget i grunnskule og vidaregåande skule
- arbeida for å få på plass att ei ordning med språkleg godkjenning av læringsressursar på eitt eller anna nivå – i samarbeid med Språkrådet eller regionale organ
- arbeida for å få til ei betre kvalitetssikring av digitale læremiddel på nynorsk
- arbeida for at flyktningar og innvandrarar får fullgode læremiddel på nynorsk. Arbeida for at arbeidsinnvandrarar frå EØS får same rett til opplæring som andre innvandrarar har – finansiert av statlege overføringer
- arbeida for at nynorsk språk og kultur vert sett på dagsorden i prosessar kring regionalisering og kommunesamanslåingar
- arbeida for å sikra nynorskbruk også innanfor dei nye organisasjons- og selskapsformene som vert tekne i bruk i det offentlege

- gje fråsegner om og fremja landssamanslutninga sine synspunkt og interesser i samband med språk- og kultursaker elles
- arbeida for å få på plass årvisse kontaktmøte med Distriktsenteret
- arbeida for å få på plass årvisse kontaktmøte med KS

### **3. Kontakt med medlemene og informasjonsarbeid**

- \* utvikla den digitale satsinga (nyhendebrevet, LNK.no, Framtida.no, Magasinett.no, Startsida.no og Pirion.no) vidare. Følgja teknologiske endringar og brukarendringar tett, mellom anna ved å satsa meir på mobile einingar
- \* bruk nyhendebrevet aktivt til å informera om tilskipingar, fråsegner osv
- \* ha aktiv kontakt med media og relevante styremakter for å få fram sakene våre
- \* utvikla samarbeidet med lokalavisene vidare
- \* dela ut ein pris for god målbruk i det offentlege rom
- \* utvikla ny oppdatert versjon av fordelskortet annakvart år
- \* setja av minimum to veker kvart år til medlemsbesøk og rekruttering
- \* stimulera til samarbeid mellom medlemene gjennom å skipa til konferansar, fagsamlingar og kurs
- \* arbeida vidare med strategisk nettverksbygging som kan synleggjera nynorskkulturen. Viktige samarbeidspartar vil, i tillegg til kommunale organisasjonar og nettverk, vera kulturorganisasjonar, kulturfestivalar, universitet og høgskular.

### **4. Økonomi/administrasjon.**

- \* ha ein tilfredsstillande eigenkapital
- \* føra vidare dei rekrutteringsstrategiane som til ei kvar tid er vedtekne i styret
- \* vidareføra dei økonomiske samarbeidsavtalane, og vurdera nye økonomiske samarbeidspartnarar

- \* føra vidare den noverande, desentraliserte organisasjonsstrukturen, men vurdera alternative løysingar dersom praktiske, økonomiske eller strategiske omsyn skulle tilseia dette